



RADØY KOMMUNE
Radøyvegen 1690
5936 MANGER

Dato: 02.12.2019
Vår ref.: 2017/3764-113
Saksbehandlar: Bjørg Larsen
Dykkar ref.: 17/859-19/17372

Slutt utbetaling spelemidler 2017 Lokale kulturbygg Samfunnshuset Skogen anleggsnr 66915 - Radøy kommune

Vi har motteke dykkar brev av 28. november 2019 med oppmoding om utbetaling av løyvde spelemidler lokale kulturbygg 2017 til Samfunnshuset Skogen.

Vedlagt følgde ferdigattest og sluttrekneskap, stadfesta av kommunerevisjonen.

Samfunnshuset Skogen fekk tildelt kr 230 000,-. Godkjent kostnadssum var på kr 754 830,-. Spelemidler vert betalt ut med inntil 1/3 av prosjektet sin totalkostnad for lokale kulturbygg.

Akontoutbetaling av kr 161 000,- vart utbetalt den 4. juli 2019.

Etter dette kan vi melde at restbeløp kr 69 000,- av tildelte spelemidler 2017 vert overført til Radøy kommune over bankkonto 3636 07 00776

Vi ber om at de står for utbetaling av løyvinga etter gjeldande reglar.

Klagerett:

Forvaltningslova gjev søkjarar om tilskot frå spelemidlane rett til å klage over det vedtaket som er gjort, sjå Forvaltningslova § 27 tredje ledd og § 28 andre ledd, samt kapittel 7 i føresegnene om tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet, V-0732. Klagefristen er 3 veker frå den dagen dette brevet er motteke. Dersom fylkeskommunen ikkje endrar vedtaket som følgje av klaga, skal saka sendast Kulturdepartementet for endeleg avgjerd.

Ronny B Skaar
Leiar

Bjørg Larsen
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.